

Alle svar er viktige, og vi håper at flest mogleg vil delta!

## Kva skjer med resultata?

Institusjonane får rapporter med resultat for sin eigen institusjon. Dei får då sjå kva pasientane deira meiner om helsetilbodet.

I tillegg blir det laga ein rapport med nasjonale resultat.

Spørsmål? Spør tilsette eller send e-post til kem_tsb@fhi.no

FHI
Folkehelseinstituttet

# Spørjeundersøking om pasientane sine erfaringar









## Om undersøkinga

Din mening teller!

**Pasientane sine erfaringar er eit viktig mål på kvalitet.**

Folkehelseinstituttet (FHI) gjennomfører frå 2020 ei undersøking blant alle pasientar som blir skrivne ut frå døgnopphald i tverrfagleg spesialisert rusbehandling.

Undersøkinga er bestilt av Helsedirektoratet og Helse- og omsorgsdepartementet.

Hensikta med undersøkinga er å gi tilbakemelding om kva erfaring pasientane har med helsetenestetilbodet og bidra til god kvalitet i behandlinga.

## Korleis blir undersøkinga gjennomført?

Før du blir utskriven vil ein av dei tilsette gi deg eit invitasjonsbrev med ein innloggingskode. Du bruker koden når du svarer via internett. Du kan bruke nettbrett, PC eller smarttelefon.

Det er frivillig å delta i undersøkinga. Dei tilsette ved institusjonen vil ikkje få vite kva akkurat du har svart. Alle som jobbar med undersøkinga i FHI har teieplikt og behandlar alle opplysningane fortruleg.

Behandlinga av personopplysningane er i samsvar med reglane for personvern.